

## KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/26/13

av 17. mars 2004

**om løyve til å påføre pakningar med frø frå førvekstrar dei opplysningane som er fastsette, på ein slik måte at dei ikkje kan slettast(\*)***[meldt under nummeret K(2004) 819]*

(2004/266/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA  
HAR —med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske  
felleskapet,med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966  
om markedsføring av frø fra førvekster<sup>(1)</sup>, sist endra ved  
direktiv 2003/61/EF<sup>(2)</sup>, særleg artikkel 10 nr. 1 bokstav a) siste  
punktumet og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonsvedtak 87/309/EØF av 2. juni 1987 om  
tillatelse til å forsyne pakningar med frø fra visse arter  
førvekster med de fastsatte opplysninger<sup>(3)</sup> er vorte  
endra monaleg fleire gonger<sup>(4)</sup>. Av omsyn til klarleiken  
og av praktiske grunnar bør det nemnde vedtaket difor  
konsoliderast.
- 2) Vanlegvis bør ikkje frø frå førvekstrar marknadsførast  
dersom ikkje pakningane er utstyrde med ein offisiell  
etikett i samsvar med dei føresegnene som er fastsette i  
direktiv 66/401/EØF.
- 3) Det kan likevel gjevast løyve til at sjølve pakninga  
vert utstyrt med dei påkravde opplysningane etter det  
mønsteret som er fastsett for etiketten.
- 4) Med omsyn til såkorn vart det ved kommisjonsvedtak  
80/755/EØF av 17. juli 1980 om tillatelse til å forsyne  
pakningar med såkorn med de fastsatte opplysninger<sup>(5)</sup>,  
endra ved vedtak 81/109/EØF<sup>(6)</sup>, gjeve løyve til å utstyre  
sjølve pakninga med dei opplysningane som er fastsette,  
etter det mønsteret som er fastsett for etiketten og på visse  
vilkår som sikrar klassifiseringsstyresmakta ansvaret.

Ettersom denne ordninga har vist seg å vere nyttig, bør  
det gjevast eit liknande løyve på dei same vilkåra når det  
gjeld førvekstrar.

- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med  
fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale  
innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

## GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

1. Medlemsstatane har, på dei vilkåra som er fastsette i nr. 2,  
løyve til å fastsetje at pakningar med frø frå artar av førvekstrar  
av klassane «basisfrø» og «sertifisert frø» under offentlig  
kontroll kan påførast dei opplysningane som er fastsette.
2. Følgjande vilkår skal gjelde for det løyvet som er nemnt  
i nr. 1:
  - a) dei opplysningane som er fastsette, skal trykkjast eller  
stemplast på pakninga på ein slik måte at dei ikkje kan  
slettast,
  - b) utforminga og fargen på trykket eller stempelet skal vere i  
samsvar med mønsteret for den etiketten som vert nytta i  
den aktuelle medlemsstaten,
  - c) av dei opplysningane som er fastsette, skal i det minste dei  
opplysningane som er nemnde i del A nr. I bokstav a) nr. 3  
og 3a i vedlegg IV til direktiv 66/401/EØF, påførast når  
prøvetaking finn stad i medhald av føresegnene i artikkel 7  
nr. 2 i det nemnde direktivet, og opplysningane skal  
påførast av styresmaktene eller under offentlig kontroll,

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 83 av 20.3.2004, s. 23,  
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 121/2004 av 24. september  
2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære  
forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av  
10.3.2005, s. 10.

<sup>(1)</sup> TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66.

<sup>(2)</sup> TEU L 165 av 3.7.2003, s. 23.

<sup>(3)</sup> TEF L 155 av 16.6.1987, s. 26.

<sup>(4)</sup> Sjå vedlegg I.

<sup>(5)</sup> TEF L 207 av 9.8.1980, s. 37.

<sup>(6)</sup> TEF L 64 av 11.3.1981, s. 13.

- d) i tillegg til dei opplysningane som er fastsette, skal kvar pakning vere utstyrd med eit offisielt tildelt individuelt serienummer som skal vere trykt eller stempla på pakninga av det føretaket som trykkjer pakningane og på ein slik måte at det ikkje kan slettast; dette føretaket skal opplyse kl assifiseringsstyresmakta om talet på distribuerte pakningar og om serienumra deira,
- e) klassifiseringsstyresmakta skal føre register over dei frømengdene som er merkte på denne måten, medrekna talet på pakningar i kvart parti og innhaldet i pakningane, og dessutan dei serienumra som er nemnde i bokstav d),
- f) rekneskapane til produsentane skal leggjast fram for klassifiseringsstyresmakta for kontroll.

*Artikkel 2*

Medlemsstatane skal melde frå til Kommissjonen under kva vilkår dei nyttar det løyvet som er nemnt i artikkel 1.

Kommissjonen skal melde frå til dei andre medlemsstatane om dette.

*Artikkel 3*

Vedtak 87/309/EØF vert oppheva.

Tilvisingar til det oppheva vedtaket skal forståast som tilvisingar til dette vedtaket, og skal lesast i samsvar med jamføringstabellen i vedlegg II.

*Artikkel 4*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 17. mars 2004.

*For Kommissjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommissjonen*

*VEDLEGG I***Oppheva vedtak med kronologiske endringar**

Vedtak 87/309/EØF	(TEF L 155 av 16.6.1987, s. 26)
Vedtak 88/493/EØF	(TEF L 261 av 21.9.1988, s. 27)
Vedtak 97/125/EF, berre artikkel 2	(TEF L 48 av 19.2.1997, s. 35)

*VEDLEGG II***Jamføringstabell**

Vedtak 87/309/EØF	Dette vedtaket
Artikkel 1 og 2	Artikkel 1 og 2
—	Artikkel 3
Artikkel 3	Artikkel 4
—	Vedlegg I
—	Vedlegg II